



## Kommunemøte om flyktningsituasjonen

Deltakarar: Ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar og beredskapskontaktar i kommunane, fylkeskommunen og KS, UDI Vest, IMDi, KS, Fylkesberedskapsrådet og Statsforvaltaren

Det er eit stort informasjonsbehov knytt til flyktningsituasjonen som følgje av krigen i Ukraina. UDI vil orientere om situasjonen og status på arbeidet i møtet.

UDI har oppretta ein eigen informasjonsside knytt til situasjonen i Ukraina. Denne sida finn de her:  
<https://udi.no/viktige-meldinger/informasjon-om-situasjonen-i-ukraina/>

---

### Statsforvaltaren:

- Flyktningsituasjonen og atomtrusselen. Kommunane må rekne med tunge oppgåver som følgje av flyktningsituasjonen. Det er veldig positivt at kommunane allereie signaliserer ein sterkt vilje til å bidra.
- Regjeringa har avgjort at flyktningane vil få mellombels kollektivt vern, i første omgang i eitt år.
- UDI fått i oppdrag å opprette fleire asylplassar. Det har allereie byrja å kome mange spørsmål frå kommunane, t.d. om skule, barnehage, støtte til livsopphald m.m.
- Atomtrusselen: Situasjonen i Ukraina er framleis alvorleg og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik følgjer situasjonen nøye. Overvakinga gjennom europeiske og norske målestasjonar viser ikkje auka verdiar, utanom kring Tsjernobyl. Tunge russiske køyretøy i området ført til auka oppstøving av radioaktivt materiale. Det vert gjort daglege oppdateringar av spreingsprognosar og vårobservasjonar, i tilfelle det skulle kome eit utslepp av radioaktivt materiale til luft.
- Bekymring knytt til kjernekraftverk og det nedstengte anlegget i Tsjernobyl, m.a. for tilsette som arbeider der. Det har ikkje vore utskifting av personell, tilgang til mat og kvile er usikker, kontakt med dei er nesten ikkje-eksisterande p.g.a. manglande mobil- og Internetsamband.
- Ikke målt utslepp som har betydning for Noreg.
- Statsforvaltaren sin bodskap: tida er inne for å sjå på den kommunale atomberedskapsplanen. Gje beskjed viss de ønskjer dialog med oss om dette.

**NB! DSA v/Monica Dobbertin deltok på møte i fylkesberedskapsrådet like etter møtet med kommunane. Vi legg ved presentasjonen hennar. Vi gjer særleg merksam på at DSA meiner at bruk av jod-tablettar og «innmelding» i Noreg ikkje er aktuelle tiltak ved eit eventuelt utslepp av radioaktiv forureining ved eit av kjernekraftanlegga i Ukraina. Det skuldast den store geografiske avstanden**

### UDI, Belen Vinuesa Birkenes:

- Presentasjon vert delt saman med dette referatet.
- Ein veit lite om korleis krigen utviklar seg, men vi må vere førebudde på stort tal flyktningar.
- Det er mange kommunar som tek kontakt med UDI.
- Det er ein aukande straum av folk frå Ukraina, men likevel ikkje dei store tala så langt.
- Mottak av flyktningar til Noreg; registrering og innkvartering, beskyttelse og busetting.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Om lag 700 til no på Nasjonalt ankomstsenter. Ein del reiser også privat utan å registrere seg. Ikkje heilt oversikt over tal i Noreg
- Flaskehals: når det kjem store grupper der mange allereie er spreidd rundt i landet. UDI er i dialog med politiet om å etablere fleire stadar i landet der flyktingar kan registrere seg (no skjer all registrering på Nasjonalt ankomstsenter).
- Kven kjem: i hovudsak kvinner og born. Mindre del eldre personar. Kan vere ein del som treng barnevernester.
- Særskilt oppfølging, gjeld særleg blant barna; riktig plassering og kontakt med kommune
- Satsar på veldig kort mottaksopphold og rask busetting
- Det er frå før høgt belegg på mottaka for einslege mindreårige.
- Privatreisande: alle med biometrisk pass har rett til opphold i 90 dagar. Andre må registrere seg hjå politi der dei kjem inn til landet
- UDI arbeider med å utvide «Alternativ Mottakspllassering – AMOT» - treng godt samarbeid med kommunane (gjeld asylsøkjarar som har familie som allereie er busett i ein kommune).
- Kva må kommunar bidra med: auka akuttinnkvartering, informasjon til dei som kjem privat om registrering hjå politiet, kommunale tenester, skule og barnevern, busetting, samhandling med frivilligheita.
- UDI har veldig behov for eit tett samarbeid med Statsforvaltaren, kommunar og operatørar om oppretting av mottak
  - Sikre tilgang på eigna bygningsmasse
  - Samordning og informasjonsdeling ved oppretting av mottak
  - Samordning mellom fleire etatar og kommune-Noreg for å sikre flyt ut frå mottak/midlertidig innkvartering til busetnad i kommunane

### IMDi, Kristian Mellingen

- IMDi har ansvar for å finne eigna busettingskommune.
- Frivillige for kommunane om dei vil busette flyktingar og kor mange. Viktig med samarbeid mellom stat og kommune om dette.
- Tidlegare kartlegging i kommunane: 200 kommunar som har sagt ja til å ta i mot til saman 5000 flyktingar. Då vart det òg spurt om kommunane kan utvide. Fekk meldt inn 2000 ekstra plassar. Kartlegginga vart gjort ut frå ein annan situasjon enn vi er i no, og før krigen i Ukraina
- Ekstraordinært – samordne oss godt for busetting og integrering.
- Busetting: vil vere behov for langt større kapasitet enn kva vi til no har lagt opp til.
- Oppmodar alle kommunar til å busette fleire.
- Veldig flott å sjå i media og i direkte kontakt med kommunane at det er stor vilje til å ta i mot flyktingar.
- Kor mange vi totalt vil klare å busette i 2022: kjem an på plass i kommunane og kor raskt vi klarar i busette.
- Viktig at kommunane byggjer opp tenesteapparat for å ta i mot (tilby bustad, helse, skule m.v.)
- Har sett at mange ukrainarar har vene og familie i Noreg: kommunane må avtale bustad med IMDi. Det ligg informasjon om ordninga på nettsidene til IMDi.
- Mykje usikkerheit – kollektiv beskyttelse dannar grunnlag for introduksjonsprogram.
- IMDi vil ha dialog med NAV om arbeidslivet.
- Roser kommunane IMDi samarbeider med. IMDi skal vere lydhøyre for utfordringane kommunane opplever og behov for å få til dette.



## Spørsmål og svar:

- Askøy kommune: Positiv til å ta i mot flyktninger. Kommunen er kjend med at det er to bussar frå Askøy som er på veg til Ukraina for å hente flyktninger, men veit ikkje når dei returnerer. Om det kjem mange til kommunen – kva skal vi gjere med registreringa? Skal vi sende bussane til Råde? Står vi med busettingsansvaret om dei kjem i morgen?
- UDI, svar til Askøy kommune: registrering - har dei kjente personar i kommune som tek i mot, då kan dei bu der og vente til vi har regional registrering på plass. Har dei behov for hjelp og innkvartering må dei til nasjonalt ankomstsenter. Politiet kan hjelpe til med transport. Kan opplevast som vanskeleg, men vi må gjere dette rett for å få til god samhandling, få nødvendige vedtak og kartlegge behov. Oppmodar kommunane om å informere. Registrering hjå politiet gir raskt D-nummer.
- IMDi (svar til Askøy kommune): Håpar at dei som sender bussane har ein plan når det gjeld innkvarteringsbehovet. Har dei ikkje det må UDI inn i bildet. Kommunane vurderer om dei har plass. Er det ikkje kapasitet må IMDi finne andre kommunar.
- Bergen kommune: Kva med informasjon som hastar, t.d. brevet frå IMDi på fredag? Vi rakk ikkje lese det før i dag. Vi må sørge for at kanalane for informasjon fungerer. Vil det verte sett stopp for busetting av andre flyktninger, kva er prosessen? Kva er strategien frå statleg hald for å handtere dei som bekymrar seg for å registrere seg (t.d. fordi dei er redde for begrensingar i høve til å kunne reise tilbake til heimlandet).
- IMDi (svar til Bergen) Vi er avhengig av å bruke postmottak når vi sender brev til kommunane. Oppmodar alle kommunar om å ha dialog med arkivsystem. IMDi prøver å vere tydelege i tittel på brevet. Kommunar kjem til å få busettingsførespurnadar, ingen endringar i prosess.
- UDI (svar til Bergen): Kan ikkje svare på spørsmålet om strategien for dei som er urolege for å registrere seg, fordi regjeringa arbeider med forskifta. Det kjem kanskje informasjon om dette mot slutten av veka. Vi arbeider så godt vi kan med informasjon på UDI.no.
- Haavard Stensvand, Statsforvaltaren: Vi merkar oss det som blir sagt om informasjonsflyt. Vi har svært god erfaring frå pandemien med å formidle informasjon i beredskapslinja. Den bør nyttast i denne krisa òg. Det bør vere eit parallelt løp; beredskapslinja pluss postmottak.
- Statsforvaltaren har oppretta ei eiga temaside nettsidene:  
<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/tryggleikssituasjonen-i-europa/>. Vi held den oppdatert slik at kommunane kan finne relevant informasjon og vi lenker opp mot UDI.
- Ninja Tolo Ness
  - Basismottak og busetting; når vi skal vurdere høgare busettingstal opp mot akuttinnkvartering. Totalkapasiteten vert utfordra, og kvar bør innsatsen vår prioriterast?
  - Vert andre løp enn introduksjonsprogrammet vurdert? Kollektiv midlertidig beskyttelse og introduksjonsprogrammet ikkje heilt tilpassa denne gruppa.
- IMDi: Vi noterer at de må gjerast avvegingar knytt til det første spørsmålet. Vi må vurdere ut frå dette. Når det gjeld det andre spørsmålet har vi ikkje noko konkret alternativ utanom fleksibiliteten som allereie ligg i ny integreringslov. Tek dette med oss vidare.
- Vik kommune: Oppmodar om at dei kommunane som ikkje vart bedt om å busetje flyktninga sist gong får høve til å gjere det no. Vi har sagt ja til å ta i mot og har lang erfaring med det. IMDi noterer dette og oppmodar Vik om å melde tilbake i svaret på brevet som kom på fredag.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Årdal kommune: Familiar har tatt i mot flyktninger (ikkje registrerte). Kva er moglegheitene for økonomisk støtte?
  - UDI: Kan søkje om alternativ mottaksbustad, innvilgar kommunen dette så utløser det tilskot til kommunen. Men vi ser på dette og det gjeld kun for familiemedlemer og føreset registrering og D-nummer.
  - Kvam herad: vert det utarbeidd informasjonsmateriell til ukrainske flyktninger som vi kan bruke på våre heimesider?
  - UDI: Ja, på vår heimeside oppdaterer vi kontinuerleg med ny informasjon om når vi får spørsmål. IMDi: Det vil kome oppdateringar på våre sider også.
- 

I etterkant av møtet sendte Hordaland Røde Kors ein e-post med dette innhaldet:

### Røde Kors & Ukraina

Røde Kors har stor aktivitet i Ukraina, både på/nær slagmarken og i hele landet.

Røde Kors er forberedt på å bidra når flyktninger kommer fra Ukraina til Norge.

For kommunene vil lokalt Røde Kors kunne tilby en rekke relasjonsrelaterte tjenester og aktiviteter, i ulikt omfang, som f eks:

- Vertskapsfunksjoner i ankomstlogistikk; vår erfaring er at mange setter pris på å se det røde korset våre frivillige er merket med.
- Praktisk hjelp i innledende fase og i hverdagen
- Psykososial førstehjelp; alle frivillige i Røde Kors er trent i dette
- Aktiviteter / fritidstilbud for ulike aldersgrupper og interesseområder
- Røde Kors Flyktningguide; en dedikert frivillig som kobles sammen med en flyktning eller flyktningfamilie og som «lærer den opp» i hvordan dagliglivet fungerer i Norge, ofte ved et møte, en tur eller en aktivitet ca 1 gang per uke, for en periode.

Ulike lokale Røde Kors foreninger vil kunne tilby vesentlig mer enn det som er nevnt over, basert på behov og kapasitet, og hva som faller naturlig i den geografien man er.

Alt slikt kan avtales lokalt.

Røde Kors er god på mye, men vi er aller best når vi har fått forberedt oss.

**Vi håper derfor kommunene tar kontakt med sitt lokale Røde Kors tidlig, for å diskutere muligheter, dersom behovet skulle oppstå.**

Distriktskontorene til Røde Kors, både i Hordaland og i Sogn og Fjordane, kan også kontaktes ved behov.